

Brattheng-spesial

Einaste i sitt slag i Norden

I desse dagar er kabelkranen til Torbjørn Frivik frå Kyrkjebø i full aktivitet i skogane i Sogn og Fjordane. – På gode dagar kan vi ta ut 130 kubikkmeter tømmer frå stupbratte område, seier Frivik.

GAULAR

Stig Roger Eide
stig.roger.eide@firda.no



Uttak av tømmer i stupbratte vestlandslie er ikkje lenger umogleg. Torbjørn Frivik frå Høyanger har investert nesten fire millionar i kabelkranen «Monty 4000» og han er i desse dagar i ferd med å etablere seg i hogstmarknaden i fjordafylket med denne nye maskina.

Enorm rekkevidde

– Dette er den einaste maskina i sitt slag nord for midt-Tyskland. Derimot er ho mykje nytta i fjellområda i mellom-Europa, seier Frivik og viser oss korleis maskina i praksis fungerer i det stupbratte området under Kvamshesten i Bygstad.

– Etter at tårnet på maskina er reist og bardunert fast, strekkjer vi ut ein berekabel på inntil 450 meter. Og det geniale er at på denne kabelen så er det påmontert ein sjølvgåande «løpekatt». Dette er ein radiostyrt motor på 100 hestekrefter som har ei løfteevne på 3,5 tonn, seier Frivik og ser «løpekatten» vandre opp og ned den stupbratte lia med tømmer.

– Tømmeret blir felt og festa til stropper som heng under «løpekatten». Denne har eit arbeidsfelt på minst 50 meter til kvar side, og vert styrt anten frå toppen eller frå arbeidsstasjonen på maskina, seier Frivik og held fram:

– Minimumskravet vi har til denne maskina er at vi treng ein sterk traktorveg som arbeidsplass. Så når vi får oppmontert kranen har vi ei rekkevidde på inntil 450 meter i alle retningar, seier Frivik om utstyret som er påmontert eit MAN-chassis som har trekk på alle hjul.

Ei utfordring


Frivik viser til at det i utprovsfasen av utstyret har vore nytta tre arbeidarar til maskina.

– Vi nyttar to arbeidarar i terrenget, ein til å felle skogen og ein til å stroppe tømmeret. Den siste styrer også løpekatten når den er ute i terrenget. Dessutan har vi hatt ein tredje person som har styrt kviste- og kappe-agregatet som er fastmontert på lasteplanet, seier Frivik og ser at uttak av tømmer i bratte vestlandslie har blitt ei utfordring.

– Etter at både mannskapet



FERDIG: Når tømmeret er vinsja ned med «løpekatten», overtek kvisting og kapping av tømmeret. Med maskina sin enorme rekkevidde i bratt terreng, kan store delar av skogen i fjordafylket no takast ut.



KVANTA: – På gode dagar kan vi gjere klart 130 kubikkmeter tømmer, seier Torbjørn Frivik om maskina som er den einaste i sitt slag i Norden.

og mekanikar Geir Henning Nygard hadde vore tre veker på opplæring i Austerrike, fekk vi denne maskina hit til landet 2. september. Allereie no kan vi fastslå at dette vert ein suksess. På gode dagar kan vi ta ut opptil 130 kubikkmeter tømmer som elles har vore nesten umogleg å få fatt i. Og vi reknar med eit gjennomsnitt på mellom 70 og 100 kubikkmeter per dag, seier Frivik og viser til at dette utstyret opnar opp for eit stort uttak av tømmer i typisk vestlandsterreng.

Eld i tørt gras

– På eigarsida har vi eit nært samarbeid med transportør Per A. Øren og Høyanger Næringsutvikling, medan det er Sogn og Fjordane Skogeigarlag som ordnar kontraktar med den einskil-

de grunneigar med tanke på driftssida. Så skulle det vere grunneigarar som har tankar om å ta ut skog dei elles har rekna som umogleg å felle, er det berre å kontakte Skogeigarlaget, seier Frivik og viser til at i dei områda maskina har vore i drifta den siste månaden, så har rykta om rekkjevidda til kabelkranen gått som varm eld i tørt gras.

– Førebels ser vi at det er rikeleg med tømmer å ta ut i stupbratte lie her i fylket. Men på sikt kan det vere mogleg å utvide det geografiske nedslagsfeltet for utstyret. Men førebels har vi fokus på fjordafylket, seier Frivik som denne veka er i Kaupanger for uttak av furuskog i stort kvanta.

Uframkommeleg


– Med dette utstyret treng vi ikkje lenger så mange små traktorveggar i liene. Med 450 meter rekkevidde i alle retningar rekk vi utruleg mykje skog som elles hadde vore nesten umogleg å ta ut. Sjølv ikkje dei tøffaste skogsmaskinene kjem nemleg fram i desse liene, seier Frivik og ser «løpekatten» nok ein gong sigle inn mot arbeidsplattforma med fullvaksen gran.

– Mykje av det som vart planta ut for 60 til 80 år sidan står i nesten uframkommeleg terreng. Men no kan både grunneigarar og vi andre som er i denne bransjen sjå framtida lysare i møte, avsluttar Frivik optimistisk.



BRATT: Den radiostyrte «løpekatten» til Torbjørn Frivik si Monty 4000-taubane er

isten



... på veg ned bratthenget under Kvamshesten med tømmer. Nede står arbeidsmaskina med kviste- og kappe-aggregat klar. I bakgrunnen ligg Bygstad.

Alle foto: Stig Roger Eide